

Plantegeografisk viktig funn av kransalgen hårkrans *Chara canescens* Lois. i Møre og Romsdal

Anders Langangen

Hallagerbakken 82b, 1256 Oslo

Geir Gaarder

Miljøfaglig Utredning, Postboks 66, 6630 Tingvoll

John Bjarne Jordal

6610 Øksendal

Kransalgefloraen langs kysten av Vestlandet er relativt dårlig kjent. Ettersom kransalgene foretrekker noe kalkholdige vann og det er lite av slike i dette området, er det kanskje ikke så rart at det er funnet få arter, og bare de mest vanlige. En annen lokalitetstype er brakkvann som det burde være flere muligheter for her. Det er nettopp i to slike brakkvannlokalteter at det nå er funnet nye arter for landsdelen. Et funn fra Smøla blir rapportert i en annen artikkel i dette heftet (Langangen et al. 2001), og det andre funnet rapporteres her.

Hårkrans *Chara canescens* er en brakkvannsart (figur 1). Artens kjente utbredelse har vært relativt spesiell her i landet. Ifølge Langangen (1974) er den funnet langs kysten fra Hvaler i Østfold til Kristiansand i Vest Agder. En gjennomgang av kransalger fra de varme kildene på Svalbard, viste at den også fantes der (Langangen 1979). Artens kjente utbredelse på den tiden var derfor meget disjunkt. Det var derfor svært interessant at den i 1994 ble funnet i en liten brakkvannsdam ytterst på Finnøya i Hamarøy kommune i Nordland (Langangen et al. 1994). Det ble nå antydnet at arten kunne finnes langs trekkrutene til diverse gjess som hekket på Svalbard. Hos Langangen (2000) er dette videreført og knyttet opp mot kortnebbgås, hvitkinngås og ringgås. Alle disse gjessene er observert ved lokaliteten. Lokaliteten er dessuten en meget viktig rasteplass for bl.a. sangsvane, grågås og ulike gressender (Fiske & Gylseth 1985).

Den nye lokaliteten (figur 2) gir nok et indisium for at en slik slutning kan ha noe for seg.

Den nye lokaliteten:

Møre og Romsdal: Eide: Gaustadvågen, 9.12.2000 leg. John Bjarne Jordal og Geir Gaarder (O).

Lokaliteten er i dag naturreservat. En kort beskrivelse av den er gitt av Holten et al. (1986).


To andre kransalgearter ble også funnet i den samme lokaliteten: skjørkrans *Chara delicatula* Kütz. og bustkrans *Chara aspera* Deth. ex Willd. Funnet av *C. aspera* er også meget interessant.

Funnet som er gjort ovenfor ble svært tilfeldig gjort. I en e-mail til AL skriver JBJ at han og GG var på en liten tur til lokaliteten. De hadde bare med et teleskop og mens Gaarder brukte det gikk Jordal ned til vannkanten og rakk knapt å ta en prøve



Figur 1 (til høyre). Habitustegning av hårkrans *Chara canescens*. Fra Wood & Imahori (1964).

Figur 2 (nedenfor). Kjent utbredelse av hårkrans *Chara canescens* i Skandinavia og Skottland (fylt prikk). Den nye lokaliteten er merket med en trekant. Trekkveiene (hovedveier) for de tre nevnet gåseartene er tegnet in på kartet: heltrukket linje: hvitkinngås, stiplet linje: ringgås, kryss: kortnebbgås.



av vegetasjonen før Gaarder ropte at han var ferdig. I det materialet Jordal tok med seg var det altså tre kransalgearter.

Litteratur

- Fiske, P. & Gylseth, J. 1985. Gaustad-/ Sandblåstvágen. Rallus 15 (4): 101-111.
- Holten, J.I., Frisvoll, A.A. & Aune, E.I. 1986. Havstrand i Møre og Romsdal. Lokalitetsbeskrivelser. Økoforsk Rapport 1986, 3B. 184 s.
- Langangen A. 1974. Ecology and distribution of Norwegian charophytes. *Norw. J. Bot.* 21: 31-52.
- Langangen, A. 1979. *Chara canescens* reported from Spitsbergen. *Phycologia* 18: 436-437.
- Langangen, A. 2000. Charophytes from the warm springs of Svalbard. *Polar Research* 19 (2):
- Langangen, A., Often, A. & Vange, V. 1994. Hårkrans, *Chara canescens* Lois., en ny kransalge for Nordland. *Polarflokken* 18: 227-232.
- Langangen, A., Gaarder, G. & Jordal, J. B. 2001. Kransalgen grønnkrans *Chara baltica* Bruzelius funnet på Smøla i Møre og Romsdal. *Blyttia* 59: 101-103.
- Wood, R. D. & Imahori, K. 1964. Iconograph of the Characeae. In: Wood, R. D. & Imahori, K. (eds.): A Revision of the Characeae. J. Cramer. Weinheim.

Fagerrogn *Sorbus meinichii* (Lindeb.) T. Hedl. funnen på Sunnmøre

Dag Holtan

Lerstadvegen 271, 6014 Ålesund (xoltan@c2i.net)

Karl J. Grimstad

6062 Brandal (kagrim@online.no)

Fagerrogn *Sorbus meinichii* var fram til 1999 kjent frå Østfold nord til Flora i Sunnfjord. Arten er kravfull, og veks helst i varme skogkantar på kalkgrunn (Lid & Lid 1994, sjå også Skogen 1977). 28. juni 1999 fann forfatarane henne ovafor ferjelægjet på Linge i Norddal, Møre og Romsdal (kart 1219 I, MQ 059 074, 62° 17'N). Dette er om lag 140 km i luftline nordaust for Florø sentrum. Artsnamnet *meinichii* skriv seg frå amtmann H.Th. Meinich i Søndre Bergenhus amt (det var han som oppdaga fagerrogna på Stord og Bømlo i Hordaland på 1860-talet), som ein heider frå den svenske botanikaren C.J. Lindeberg, som gav arten namn (Rabben 1997). Skogen (1977) har skildra og drøfta førekomstane på Svanøy i Sunnfjord. Funnet frå Møre og Romsdal er nemnt i Holtan & Grimstad (2000). Rabben (1997:117) har elles gode fargefotografi av arten.

Lokaliteten i Norddal

Heile denne sida av Storfjorden, med eksponering mellom vest og sør, dominerast av tørre kalkfureskogar (heilt frå Stordalsneset i Stordal til Tafjorden i Norddal, flekkar med ulike typar edelauvskogar er også vanleg), gjerne med eit høgt innslag av både vestlege og søraustlege artar.

Lokaliteten ovafor ferjelægjet på Linge karakteriserast ved blandeskog (mellom knausar og berg, på blokkmark). Mellom treslaga dominerer fure *Pinus sylvestris*, hengjebjørk *Betula pendula*, osp *Populus tremula* og hassel *Corylus avellana*. I feltsjiktet finst m.a. kravfulle karplantar som furuvintergrøn *Pyrola chloranta*, lakrismjelt *Astragalus glycyphyllos*, skogskolm *Lathyrus sylvestris*, svarterte knapp *Lathyrus niger*, breiflangre *Epipactis helleborine* og breibladgrasa skogfaks *Bromus benekenii* og skoggrønaks *Brachypodium sylvaticum*.

I nærleiken står også innførte artar som trivst og spreier seg, mellom dei bergflette *Hedera helix* og kristtorn *Ilex aquifolium*. Ein isolert førekomst av kusymre *Primula vulgaris* understrekar også det gode vinterklimaet. Linge er elles mellom dei varmaste stadene i Møre og Romsdal, med ein årsmiddel på 7.1°C (januar 0.8°C og juli 14.3°C).

Drøfting

Vi fann berre ein plante som heilt sikkert var fagerrogn. Kollektet vart seinare kontrollert og stadfesta av Per Salvesen, Bergen. Andre plantar vi samla inn i ein tilgrensande lokalitet (kalkfureskog) såg ut til å vere rognasal *Sorbus cf. hybrida* (Per Salvesen pers. medd.).

Rognasal *Sorbus hybrida* er svært vanleg i heile Storfjord-området. Det same gjeld sjølvsagt også for rogn *Sorbus aucuparia*. Det skulle slik sett ligge godt til rette for at ein kan få spontane hybridar mellom desse. Her er (truleg) også brun skogsjord og dei skogstypene som fagerrogna prefererer (sjå Skogen 1977). Ut frå dette skal ein ikkje sjå bort frå at ein ved nærare undersøkingar kan gjere fleire funn av fagerrogn i soleksponerte lier i Storfjorden.

Litteratur

- Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2000. Kartlegging av biologisk mangfald i Norddal – biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s.
- Lid, J. & Lid, D.T. 1994. Norsk flora. Det Norske Samlaget. 6 utgåva ved Reidar Elven. 1014 s.
- Rabben, J. 1997. Naturen i Sunnhordland. Eige forlag. 176 s.
- Skogen, A. 1977. *Sorbus meinichii* s. lat. i Sunnfjord. *Blyttia* 35: 23-28.